

# INDUSTRIKONSULENTEN PÅ OSTERØY

## Årsmelding 2011

Godkjend i styringsutvalet 26.3.2012

Forutan direkte oppdrag for etablerarar og bedrifter og sekretærfunksjonen for Osterøy Industrilag, har følgjande oppgåver prega arbeidet i 2011: **sekretariat for Osterfjord Næringsamarbeid**, prosjektleiar for pilotprosjekt for å utløse ei **bioenerginærings** i Hordaland, arbeid for etablering av **Espevoll næringsområde**, prosjektansvarleg for "Flettverk", prosjektleiar for eit **robotiseringsnettverk**, sekretær for **kompensasjonsstyret**, medlem i rådet for **Kompetansesenteret for CNC og robot** ved **Osterøy vidaregåande skule** og koordinator for Leonardo da Vinci-prosjekt, m.a. **europeisk partnerskap** for kompetansesenter innan CNC og robot med 11 partnerar i 5 land.

Industrikonsulenten har bistått ved oppfølging av 5 **skattefunnprosjekt** i 1 Osterøy-bedrift.

Talet på **nye oppdrag**, 31, var litt høgare enn føregående år. Talet på **etableringsoppdrag**, 22, var ein del høgare enn året før. Ca halvparten av desse nye etableringsoppdraga har allereie resultert i **nye verksemder**. I dette talet er ikkje rekna med nyetableringar i 2011 i samband med oppdrag som er registrerte året før/ tidlegare år.

I 2011 arbeidde industrikonsulenten vel 100% stilling med kombinert løn frå Industrikonsulenten og prosjektløn frå Osterfjord Næringsamarbeid.

Industrikonsulenten er **sekretær for Osterøy Industrilag**. Industrilaget har hatt mykje fokus på samferdsle og er svært godt nøgd med at den nye vegn mellom Hauge og Lonevåg vart opna 16.11.2011. Industrilaget arbeider for eit større næringsareal på Espevoll og for utbetring av fylkesvegen gjennom Vesetgjelet. Industrilaget arbeider også for kompetanseutvikling, m.a. innan CNC og robot. Sjå eiga årsmelding for Osterøy Industrilag.

**Kommunen har gitt tilskott** til Industrikonsulent-verksemda også for 2011. Dette ligg inne i kommunen sitt langtidsbudsjett. Kommunen held kontor til Industrikonsulenten.

Me får tilskott på kr 35.000 frå **Hordland fylkeskommune** via **Osterfjord Næringsamarbeid** til næringsutviklingsarbeid. Osterfjord

Næringsamarbeid har godt gjort arbeidet som sekretær for næringssamarbeidet med kr 70.000.

### OPPDRA�

Forutan ein del oppdrag frå året før som det har vore arbeidd vidare med, har Industrikonsulenten altså fått 31 **nye oppdrag i 2011**. Dette er både reine kontakt- og informasjonsformidlingsoppdrag og oppdrag der konsulenten har gjort ein "jobb" for verksemda. Omfanget av oppdraga varierer frå oppdrag som vert løyste pr telefon til det største oppdraget som var på 37 timer.

Oppdraga var fordelt slik:

	2008	2009	2010	2011
Nye etableringsoppdrag	16	16	16	22
Nye oppdrag for etablerte verksemder	8	10	13	9
<b>SUM</b>	<b>24</b>	<b>26</b>	<b>29</b>	<b>31</b>

I tillegg til det som er registrert som "oppdrag", kjem ei rekke kontaktar med verksemdene gjennom sekretærfunksjonen for Industrilaget og gjennom prosjektarbeid.

For mange av etableringsoppdraga var ønsket om å ha ein "samttalepartner" utgangspunktet for kontakten. Von om gunstig "finansiering/torskott" var utgangspunkt for nokre. Nokre personar tok kontakt for å få utarbeidd "næringsfagleg vurdering" som grunnlag for støtte gjennom NAV. Mellom etableringsoppdraga var det 4 oppdrag for personar med utanlandsk statsborgarskap. Det at det finst tilskotts-ordningar, er eit hjelpemiddel til å kome i kontakt med oppdragsgjevarane. Men det er svært få som oppnår å få tilskott. Skattefunnordninga med skattefrådrag for utviklingsarbeid er ei bra ordning for veletablerte bedrifter, men det er no få som nyttar seg av ordninga.

Følgjande oppstilling syner korleis oppdraga er fordelt med omsyn til storleik på verksemdene:

Tilsette	Tal oppdrag
Nyetablering	22
1-4	4
5-9	1
10-19	1
20-49	2
50-100	1
<b>SUM</b>	<b>31</b>

Dei fleste av oppdraga er komne i stand etter initiativ frå kunden, eventuelt etter tips frå andre som t.d. NAV. Kva oppdrag Industrikonsulenten arbeider med, vert i stor grad styrt av dei som er initiativrike. Ved 71% av oppdraga var første kontakt pr telefon og resten ved personleg møte eller epost. Oppdraga har vore frå 31 ulike etablerarar / verksemder.

Oppdraga for **eksisterande verksemder** bransjefordelt:

Mekanisk industri	4
Anna industri	2
Tenester, anna	3
<b>SUM</b>	<b>9</b>

I desse tala kjem ikkje med oppdrag for eksisterande verksemder som har gått over fleire år.

**Etableringsoppdrag** bransjefordelt:

Ulike former for tenester	17
Industri	0
Bygg og anlegg	2
Anna	3
<b>SUM</b>	<b>22</b>

Det er vanskeleg å seie kor mange verksemder det vert av desse etablerings-sakene, mange etableringar skjer over tid, men heile ca halvparten har starta ny verksemd i løpet av året.

## NYREGISTRERINGAR I FORETAKS-REGISTERET

For å gje eit bilet av nyetableringsaktiviteten på Osterøy, tek me med informasjon som byggjer på kunngjorde nyregisteringar i Foretaksregisteret i 2011. Dette dekkjer ikkje dei som berre er registrerte i Einingsregisteret (t.d. enkelt-personforetak som ikkje driv handel).

Selskapsform	Tal registrerte
Aksjeselskap, AS	21
Enkeltpersonforetak, DA, ANS	9
Norsk utanlandsk foretak i Norge, NUF	3
Sameige	1
<b>Sum</b>	<b>34</b>

Minst 9 av desse er omdanning, vidareutvikling o.l. av eksisterande verksemder.

I tillegg kjenner me til 5 enkeltpersonforetak som berre er registrerte i Einingsregisteret (og det finst sikkert fleire).

## Bransjar

Fleire foretak opererer i fleire bransjar.

Her er berre teke med den bransjen som truleg er viktigast:

Bransjar	Tal registrerte
Eigedom, investeringsselskap	5
Bygg og anlegg	8
Tenester (elles)	12
Handel	4
Transport	3
Industri	1
Anna	1
<b>Sum</b>	<b>34</b>

## ANDRE SAKER INDUSTRIKONSULENTEN HAR ARBEIDD MED

Forutan å vera **sekretær for Osterøy Industrilag** (sjå eiga årsmelding) har Industrikonsulenten arbeidd med mellom anna følgjande oppgåver av meir generell karakter for Osterøy-næringslivet;

\* Osterøy-næringslivet fekk **kompensasjon for auken i arbeidsgjevaravgifta** frå 1.1.2000 t.o.m. 2003. Industrikonsulenten er sekretær for kompensasjonsstyret. Kompensasjonsstyret har arbeidd aktivt for å bidra til realiseringa av ny **riksveg 567 Hauge – Lonevåg** og har ytt tilskott på ca 8 mill kr i kompensasjonsmidlar.

\* Industrikonsulenten representerer Osterøy Industrilag i rådet for **Kompetansesenteret for CNC og robot ved Osterøy vidaregåande skule**.

\* Industrikonsulenten har for 2005-11 hatt **sekretariatsfunksjonen for Osterfjord Nærings-samarbeid**. Osterfjord Næringssamarbeid vert finansiert m.a. med tilskott frå Hordaland fylkeskommune. Osterfjordregionen får også midlar via Hordaland fylkeskommune til **Regionalt næringsfond for Osterfjord**. Sjå eiga årsmelding.

\* Ei viktig oppgåve i Osterfjord Næringssamarbeid har vore gjennomføring av eit **utviklingsprosjekt for å utløyse bioenerginæringa i Hordaland**. På slutten av 2005 sette fylkestinget av ei ramme på 4 mill kr til denne satsinga med Industrikonsulenten som prosjektleder. Prosjektet vart fullført i 2011 etter å ha støtt 18 ulike prosjekt. Måla med prosjektet er nådd, men prosjektet tok lengre tid enn først planlagt. For informasjon, sjå [www.rup.no](http://www.rup.no), søk «bioenerginæring».

\* Industrikonsulenten har vore med å starte **Hordaland bioenergiforum** og deltek i arbeidsutvalet. På vegne av forumet har Osterfjord Næringssamarbeid med Industrikonsulenten som sekretariat søkt Hordaland fylkeskommune om RUP-midlar til forumsaktivitetar i 3 år.

\* Gjort innspel til arbeidet med ein **energi- og klimaplan for Osterøy**.

\* Industrikonsulenten har vore pådrivar for å få i stand ein **samarbeidsavtale mellom Osterfjord-regionen og Høgskulen i Bergen**. Avtale vart inngått 15.3.2007. Industrikonsulenten er gjennom Osterfjord Næringsamarbeid medlem av samarbeidsutvalet som er oppretta.

Etter initiativ frå samarbeidsutvalet har HiB gjennomført eit forprosjekt med støtte frå det nye **regionale forkingsfondet for Vestlandet**:

"Teknologiledelse og fagopplæring i et CNC- og robotnettverk på Vestlandet: En tverrfaglig studie av kompetanse-utvikling i et regionalt utviklingsperspektiv." Industrikonsulenten deltok m.a. ved eit arbeidsseminar på Lygra og forprosjektarbeidet har lagt grunnlaget for søknader om fleire forskingsprosjekt.

\* Industrikonsulenten har vore pådrivar for etablering av eit **robotiseringsnettverk**. I mars 2011 fekk nettverket tilsegn om VRI kompetansmeklingsmidlar gjennom Innovasjon Norge. 5 bedrifter har delteke i ei kartlegging gjennomført av SINTEF sitt industrirobotmiljø.

\* Industrikonsulenten/ Osterøy Industrilag har vore koordinator for ein **europeisk Leonardo da Vinci partnerskap** innan **kompetansesenter for CNC og robot, CaRPs**. Ca 1 mill kr vart innvilga i juni 2009. Det var med 11 partnerar i 5 land. Hordaland fylkeskommune ytte eit tilskott på kr 400.000 som støtte til koordineringsfunksjonen. Elles frå Noreg deltok Kompetansesenteret for CNC og robot og Mjøs Metallvarefabrikk AS. Frå Sverige deltok maskinforhandlaren RAVEMA. I Slovenia var 2 skular partnerar. I Tyskland var ein skule, ei verksemd og det internasjonale kontoret ved det tekniske universitetet i Ilmenau partnerar. I Litauen var ei verksemd og eit regionforskingssinstitutt partnerar. Instituttet har knytt til seg det tekniske universitetet i Kaunas som "silent partner". Den 5. og siste samlinga i prosjektet vart gjennomført i Sverige i 2011. Prosjektet er fullført som planlagt og sluttrapportert.

\* Industrikonsulenten/ Osterøy Industrilag søkte etter førebuande møte i Warszawa våren 2011 støtte til eit **Leonardo da Vinci vidareutviklingsprosjekt** innan utvikling av undervisningsmetodar for industrirobotar og automatisering. Eit polsk institutt, ein dansk robotprodusent, 2 skular i Slovenia og Kompetansesenteret for CNC og robot ved Osterøy vidaregåande skule skulle vere partnerar. Prosjektet skulle vere 3-årig med eit budsjett på € 400.000 og 75% tilskott. Søknaden fekk ein høg poengsum, men grunna ny prioriteringspraksis frå EU-kommisjonen si side, vart det diverre avslag.

\* Industrikonsulenten/ Osterøy Industrilag søkte våren 2011 støtte til eit **Leonardo da Vinci VETPRO-prosjekt, VocTRA**, og fekk tildelt reisestønad. hausten 2011 var 6 lærarar og instruktørar frå Osterøy på 1 veke kurs i

industrirobotar hjå instituttet PIAP i Warszawa i Polen.

\* Industrikonsulenten har bidratt med innhald til den nye portalen [www.kom-an.no](http://www.kom-an.no) for m.a. Osterøy kommune, Osterfjord Næringsamarbeid, Industrikonsulenten på Osterøy og Osterøy Industrilag. Industrikonsulenten har delteke aktivt med innspel til forbetring av nettsida.

\* Industrikonsulenten har bidratt med innspel til næringsinformasjon ved oppgradering av **Osterøy kommune sin heimeside**.

\* Delteke aktivt ved oppdatering av **Strategisk næringsplan for Bergensregionen** som er utarbeidd av **BRB** og godkjend i 20 eigarkommunar/fylke; m.a. oppfølging av tiltak 20: "**Synliggjøre** og styrke CNC og robotklyngen i Bergensregionen."

\* Industrikonsulenten arbeider aktivt for realisering av **eit større næringsområde** på ca 550 da på **Espevoll**; "Stort og Bergensnært", [www.espevoll.no](http://www.espevoll.no). Dette skjer i eit nært samarbeid både me kommunen som var initiativtakar og med tiltakshavar Osterøy Entreprenør AS. Området kom med ved revisjonen av arealdelen til kommuneplanen i februar 2011. Industrikonsulenten er m.a. medlem i styringsgruppa for områdereguleringsarbeidet som er igangsett.

\* Industrikonsulenten har arbeidd for ny aktivitet i **bygningane og næringsområdet i Kårvika** etter konkursen i Borge Garveri AS i 2010. Det er m.a. ei stor styrke at Osterøy kommune i 2011 bygde om Kårvikskiftet slik at tungtrafikk til og frå Kårvika no kan nyte den nye vegen og tunnelen mellom hauge og Lonevåg.

\* Som sekretær for Osterøy Industrilag har Industrikonsulenten førebudd og gjennomført 10 dagar **studietur til Kina** i mars 2011 med 18 deltakarar.

\* Som sekretariat i Osterfjord Næringsamarbeid har Industrikonsulenten vore prosjektansvarleg for forprosjektet "**Flettverk**" for kopling tekstilindustri, design, kultur og handverk. Prosjektet er finansiert gjennom Regionalt næringsfond for Osterfjord, RUP-midlar frå Hordaland fylkeskommune og eigeninnsats. Engasjert prosjektleiar Tone Boska og prosjektmedarbeidar Siv Støldal har arbeidd godt.

\* Gjennom Internasjonal seksjon i Hordaland fylkeskommune mottok me ein invitasjon frå **Saalfeld-regionen i Thüringen i Tyskland** til å vere internasjonal partner i deira prosjekt **Jobweiser**. Jobwiser går ut på å kvalifisere tilsette for å frigje plass til nye arbeidstakrar som så vert kvalifiserte (paternosterprinsippet). Industrikonsulenten har teke initiativ til eit Jobweiser Hordaland med fokus på CNC og robot og har fått god respons m.a. i NAV og fleire avdelingar og seksjonar i fylkeskommunen. Det vert arbeidd vidare med dette i 2012.

## MØTE, KURS, FOREDRAG

Forutan møteverksemde mm. i samband med ovannemnde kan nemnast:

- Delteke ved fleire møte i regi av **Næringsalliansen**.
- Delteke ved **næringskonferansen** for Hordaland og ved **entreprenørskaps-konferansen** for Hordaland.
- Delteke ved møte for **regionale tiltakskontor**.
- Delteke ved fleire møte som resulterte i skiping av **Osterfjord reiselivslag**.
- Delteke ved og bistått ved møte i **NCE Subsea sin maskineringsgruppe**.
- Delteke ved møte på **Osterøy vidaregåande skule** med sikte på oppretting av line for **design og entreprenørskap**.
- Orientering om bioenergi på synfaring som skogavdelinga i **Landbruksdepartementet** hadde på Osterøy.
- Opningstale ved **Utdanningsmess**a i Osterøy-hallen.

## STYRINGSUTVAL

Styringsutvalet har hatt følgjande samansetjing:

### **Formann : Lars Magne Bysheim**

Willy Helgesen, vara Sigbjørn Reigstad  
Svein Skulstad, vara Jostein Jacobsen  
Ordførar Kari Foseid Aakre.

## DØME PÅ SPØRSMÅL SOM INDUSTRI-KONSULENTEN HAR HANDSAMA I 2011

- Eg vil kjøpe eit småbruk på Osterøy og drive ulike aktivitetar. Men korleis får eg tak i eitt?
- Eg vil tilby skreddarsydde IT-løysingar. Finst det noko starthjelp?
- Me skal stare selskap for eigedomsinvesteringar. Kva selskapsform bør me ha?
- Me har ein ny produktide og vil gjerne diskutere ein Skattfunn-søknad med deg.
- Eigaren av bedrifa har gått til skifteretten. Eg skulle gjerne ha snakka med deg.
- Me vil kome i gang med opplevings- og reiselivstilbod på garden. Kan du kome å ta ein diskusjon?
- Me er i gang med å utvikle eit heilt nytt produkt. Finst det støtteordningar?

## REKNESKAP 2011

Rekneskapen er ført hovudsakleg etter kontantprinsippet.

Kasserar: Lars Mjøs. Revisor: Norodd Helle

Konsulenthonorar	44 750,00
Sekretær Osterøy Industrilag	40 000,00
Prosjektinntekter	435 416,82
Tilskott frå Osterøy kommune	150 000,00
Tilskott frå Osterfjord Næringsamarbeid	105 000,00
Tilskott frå andre	
Renteinntekter	16 061,72
<b>Sum inntekter</b>	<b>791 228,54</b>

Løn inkl sos utgifter	501 322,00
Seminarravgift	14 218,57
Revisjon	1 500,00
Kontorkostnader	23 717,89
Møtekostnader	
Telekostnader	5 310,68
Reise/diett	31 559,43
Km godtgjersle	7 661,35
Tilskott til andre	48 500,00
Gebyr	367,00
<b>Sum utgifter</b>	<b>634 156,92</b>

<b>Overskott/underskott</b>	<b>157 071,62</b>
-----------------------------	-------------------

Kundefordringar	10 125,00
Bankkonti	1 024 677,79
<b>Sum eiga</b>	<b>1 034 802,79</b>

Skuldig skattetrekk	0,00
Skuldig mva	9 445,00
Skuldig arbeidsgjevaravgift	0,00
Eigenkapital	1 025 357,79
<b>Sum gjeld og eigenkapital</b>	<b>1 034 802,79</b>

Eigenkapital 1.1.2011	868 286,41
Overskott/underskott 2011	157 071,62
<b>Eigenkapital 31.12.2011</b>	<b>1 025 358,03</b>

# **INDUSTRIKONSULENTEN PÅ OSTERØY**

**TIL DI TENESTE**

## **FOR KVEN ?**

Alle som driv eller har lyst til å driva næringsverksemd på Osterøy, har høve til å nytta Industrikonsulenten. Verksemda di eller planane dine kan vera frå dei minste til dei største og i alle bransjar.

## **KVA SLAG SPØRSMÅL ?**

Alle typar spørsmål som har med næringsverksemd å gjera, kan rettast til Industrikonsulenten. Me vil anten kunne svara på dei sjølv eller finna fram til stader der du kan få svar. Alle opplysningar vert handsama fortruleg.

## **KVA KOSTAR DET ?**

Tenestene til Industrikonsulenten er gratis dersom du er nyetablerar eller me treng kort tid for å finna svar på spørsmålet ditt. Dersom spørsmålet ditt krev meir arbeid, må du etter avtale betale ein timepris frå kr 450 til kr 550.

## **KVEN STÅR BAK ?**

Det er Osterøy Industrilag som har teke initiativ til stillinga og tilsett Industrikonsulenten. Osterøy kommune støttar stillinga økonomisk og held kontor, telefon og breiband. Industrilaget betaler sekretærgodtgjersle og ein del inntekter kjem frå oppdrag me utfører for næringslivet og for Hordaland fylke. Ordføraren er representert i styringsutvalet for verksemda.

## **KVEN ER ME ?**

**Lars Mjøs** har vore tilsett som Industrikonsulent sidan 1982. Han er utdanna sivilingeniør, maskinlina, ved Norges Tekniske Høgskule, no NTNU. Han har vidareutdanning innan undervisning, miljøvern, mellom anna arbeidsmiljøspørsmål og innan etablerarrettleiing.

Han har vore med å skrive boka "Fem små mekaniske verksteder" og boka "Grunnbok i bedriftslære".

Han har 1 års verkstadpraksis frå Nylands Mekaniske Verksted i Oslo før han tok til med utdanninga og han har arbeidd 2 år som skipsvinsjkonstruktør ved BMV, Hordvikneset. Han driv også eiga konsulentverksemd med etableraropplæring og nyskaping som spesialitet.

## **KORLEIS FÅ TAK I INDUSTRIKONSULENTEN ?**

Ring direktenummer 56 19 22 70, mobil 416 28 531, faks 56 19 21 01. E-postadressa er; [lars.mjøs@osteroyindustrilag.no](mailto:lars.mjøs@osteroyindustrilag.no). Du kan og vitje Industrikonsulenten i "bustaden" ved rådhuset på Hatland. Send eller legg att ei melding om du ikkje treff nokon på kontoret. Nærare informasjon finn du på [www.osteroyindustrilag.no/indkons](http://www.osteroyindustrilag.no/indkons) og på [www.kom-an.no](http://www.kom-an.no)